



Beate Slettemark Korsøen
Stølen 25a
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3683 - 23/35037

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
05.05.2023

Løyve til oppføring av altan - gbnr 137/656 Alver

Administrativt vedtak: **Saknr: 463/23**
Tiltakshavar: Beate Slettemark Korsøen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 jf. § 20-4 vert det gjeve løyve til løyve for oppføring av altan på eigedom gbnr 137/656. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagt søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av altan med bygd areal (BYA) 16,5m².
Utnyttingsgrad for eigedomen er opplyst til 25,8 %, men er inklusiv garasjeuthus berekna til 29,3% BYA. Samla bruksareal (BRA) vert 381m².

Det vert elles vist til søknad motteken 04.05.2023.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.05.2023 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Ikenberget - delar av Alver utmark GNR 137 sist datert 09.12.2002 og er regulert til bustad.

Reguleringsplanen har ikkje føresegn om utnyttingsgrad og reguleringsplanen vert difor supplert av Kommunedelplan for Knarvik og Alverstraumen 2019 – 2031, jf. føresegn 4.5 i KDP.

Utnyttingsgraden for eigedomen er maks 30% BYA (bebygd areal) og samla brukareal (BRA) må ikkje overstiga 400m².

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 24.04.2023.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 1,8 meter. Eigar av gnr. 137, bnr. 657 har i dokument datert 26.04.2023 samtykka til at tiltaket kan plasserast 1,8 meter frå nabogrensa.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl §21-7.
- Nabo og gjenbuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast

skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknad er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. §21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

De må søka om ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/3683

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Beate Slettemark Korsøen

Stølen 25a

5911

ALVERSUND